



Førebuing og gjennomføring av undringssamtale

Moment i førebuinga:

- Kva har hendt, og kvifor er du uroa for barnet/ungdommen?
Del dette med næraste leiar.
- Tenk gjennom kva du ønskjer å oppnå med samtalen.
Hugs målet med undringssamtalen.
- Ver førebudd på å verta møtt med eit vidt spekter av ulike reaksjonar, heilt frå ei lette over at temaet vert teke opp - til fornektning og sinne.

Rammer rundt samtalen:

- Inviter i god tid. La dei føresette få informasjon om tema i forkant.
Vurder i kvart enkelt tilfelle om du inviterer munnleg eller skriftleg.
- Set eit fast tidspunkt for samtalen.
- Unngå møte som varer meir enn ein time.
- Avslutt samtalen dersom den ikkje fungerer, og forklar kvifor de avsluttar før tida.
Avtal heller eit nytt møte.

Generelle innspel til den undringssamtalen

Dei føresette si oppleving av likeverd og respekt i samtalen vil vera avgjerande for det vidare samarbeidet om å få betra situasjonen for barnet.

Ver direkte og tydeleg om det du har sett, dine opplevingar og dine undringar om kva dette kan føre til for barnet/ungdommen. Ikkje problematiser.

- Lytt og ver open, raus og respektfull i dialogen.
- Ikkje diskuter/argumenter rundt observasjon og fakta.
- Sei alltid det som er positivt. Løft fram ressursane til barnet/ungdommen.



Innleingsfasen:	<p>I denne fasen skal det etablerast tillit mellom deg og dei føresette. Etter litt uformell samtale/småprat skal du presentera dei punkta som du ønskjer å drøfta. Ha fokus på det som er mest vesentleg. Lytt til dei føresette, og få deira tankar og tilbakemeldingar. Kjenner dei seg att i uroa du har? Her kan du få eit godt inntrykk av korleis barnet/ungdommen har det i familien. Vis dei føresette respekt, og vis at du trur på dei som dei viktigaste støttespelarane for barnet/ungdommen.</p>
Hovudfasen:	<p>I denne fasen skal du konkretisera og utdjupa grunnlaget for den uroa du har for barnet/ungdommen. Det er viktig å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Balansera mellom ressursar barnet/ungdommen har og den uroa du har fått.• Beskriv korleis du oppfattar eventuelle følelsesuttrykk som eit mogleg grunnlag for barnet/ungdommen sin måte å vera på.• Gi dei føresette tid til å fortelja korleis dei oppfattar uroa du har presentert for dei.
Avslutningsfasen:	<p>Det er viktig å avslutta samtalen på ein god måte. Her sikrar du at dei føresette kjenner seg høyrte og forstått, og at de har ei felles forståing av situasjonen og kva som skal gjerast vidare. Ei god avslutning er også viktig i samtalar der du ikkje oppnår semje med føresette.</p> <p>Lag eit oppsummeringsnotat som viser kva som skal gjerast vidare:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kva hjelpetiltak skal gjennomførast?• Tidsfrist for tiltaka.• Kven er ansvarleg for kvart enkelt tiltak? (Hugs at føresette også kan ha oppgåver dei skal gjennomføra).• Avtal nytt møte.• Dersom barnet/ungdommen ikkje er med i møtet, avtal korleis og når barnet/ungdommen skal informerast - og kven som skal gjera det.